

# Ein klima- politikk som ikkje heng saman

Regjeringa vil auka prisen på eit nytt småhus med 146.000 kroner for å få det til å bruka mindre straum. Samstundes som regjeringa vil ha oss til å nytta mindre straum, vil ho òg auka utbygginga av svært ulønsam vindkraft.

JON  
HUSTAD



## Kommentar

**I**Molboland landa det ein gong ein stor stork i kornåkeren. Molboane vart

fælände redde; storken trakka ned alt kornet. Men kva skulle dei sjølve gjera? Om dei sende ut ein mann for å jaga storken, ville også han trakka ned kornet. Løysinga gav seg sjølv: Seks molboar bar ein mann ut på åkeren for å jaga storken, for på det viset sette ikkje han som jaga storken, fotefar etter seg.

Denne veka kom det vi har venta på så lenge, ja, så lenge. Nemleg høyringsnotatet for «Byggteknisk» forskrift, eller TEK15 – TEK10 har vorte avleggs. TEK10 var dyrt. Produktivitetskommissjonen hevdar at alle dei nye klima- og byggkrava har gjort ei nytt gjennomsnittshusvære på 65 kvadrat i ein bygard 600.000 kroner dyrare å byggja. TEK15 skal gjera husa endå dyrare. Kvifor det? Jau, dei nye bustadene i Noreg skal verta endå meir energieffektive.

Grunnen til at staten pålegg oss alle desse nye krava, er at vi ikkje ville ha gjort det på eiga hand. Det er nemleg ikkje lønsamt sidan straum er så billig. Men kvifor er straumen så billig i Noreg? Vi har så altfor mykje av han. Det regner så mykje i Noreg, og dessutan har både industrien og hushalda friviljug redusert straumforbruket sitt mykje dei seinaste tretti åra. Difor må vi i stort sett alle år eksportera store mengder magasinkraft, som no er billig og vert endå billigare. For å seia det slik: Om du er investor på leit etter gode investeringsobjekt, hald deg

langt unna kraftproduksjon. Det er å selja høns i regnvær.

### FUNGERER IKKJE SLIK

Staten og kommunane tenkjer annleis. Dei tenkjer skattepengar. Kor mykje skattepengar har eg, kor mykje meir skattar og avgifter kan eg taka for straumkundane? Kvifor tenkjer dei slik? Jau, staten har gått inn ein avtale med Sverige om å produsera massivt

meir straum fram mot 2020. Ja, faktisk over 26 TWh, som er 20 gonger meir enn auken i straumforbruket i Noreg og Sverige var samla sett mellom 2000 og 2010.

Dette kan ikkje gå utan massiv subsidiering. Tak til dømes vindmylneparken Fakken på Vannøya i Troms, som nettstaden Nord24 fortalde om no i februar. Fakken er ått av Troms Kraft, som nytta 400 millionar på å byggja han ut. I tillegg fekk dei litt hjelp av statlege Enova, som la til 346 million. Men rekneskapsverdien vart sett til 400 millionar.

### BORT MED 400 MILLIONAR

Så opna fylkesmann Svein Ludvigsen Fakken i 2012. Same året skreiv Troms Kraft ned verdien med 77 millionar. Kvifor? Straumprisane vart for låge og produksjonen for liten. Det same hende i 2013, då måtte ein skriva ned verdien med 69 millionar. Samla sett har anlegget som staten og Troms Kraft har nytta 740 millionar på, dimed ein rekneskapsverdi på vel 250 millionar. Troms Kraft er ått av Tromsø kommune og Troms fylkeskommune. Ingen private investorar var med. Det største tapet får skattebetalarane i Troms.

Men rekneskapsverdi er noko anna enn marknadsverdi. Troms Kraft vil no selja Fakken, ingen veit kor mykje anlegget er verdt, men vi talar om låg verdi, truleg lægre enn rekneskapsverdien. Slik kan

vi ikkje ha det i verdas rikaste land. I desse dagar har statsråd Tord Lien sendt eit framlegg ut på høyring som gjer at eigarane kan skriva av verdien på vindkraft i løpet av seks år. Frp-statsråden kjem med desse nye avskrivingsreglane for at han vil ha fortgang i den norske utbyggjinga av vindmylner slik at vi skal laga endå meir straum. Private investorar vil nemleg ikkje byggja ut vindkraft av di det er så ulønsamt.

Troms Kraft har teke konsekvensen av dei store tapa på vind og av det private investorar har visst lenge. Dei har fleire andre konsesjonar til vindutbyggjing. Dei vil dei òg selja. «Vi skal ikke drive med vindkraft», seier konsernsjef Samming Sammingsen til Nord24.

### FAKKENS TEK15

Men no står Fakken der, etter å ha øydelagt 500 millionar skattekroner. Kven skal så nytta det vesle med straum Fakken trass i alt lagar? Ikkje norske hus, som vert stadig dyrare å byggja, får stadig tettare vegger og stadig dårlegare inn klima. Men vona er at tiltaka skal betra uteklimaet gjennom å redusera drivhuseffekten. Der har diverre norske hus ein minimal effekt. Ja, 40 prosent av energien i Noreg vert forbruka av bygg, men det forbruket fører knapt til utslepp av CO<sub>2</sub>, fortel SSB. Vi har så mykje rein magasinkraft. I 2013 sleppte Noreg ut 54 milli-

---

## «Kravene ventes å gi netto samfunns- økonomisk kostnad, noe som betyr at den økte investeringskostnaden ikkje betaler seg tilbake med energibesparelsen alene.»

---

### Regjeringa i høyringsnotatet om TEK15

---

onar tonn CO<sub>2</sub>; norske bygg stod for berre 1,5 millionar tonn, og nordmenn har gjennom i hovudsak frivilljuge tiltak redusert CO<sub>2</sub>-utsleppa frå bygg med 46 prosent sidan 1990.

Etter TEK10 måtte norske eiebustadar få 30 cm med isolasjon i taket, 25 cm i veggene, og både i vegger og tak vart det bygt luftekanalar som vert drivne av obligatoriske ventilasjonsanlegg, som ingen veit kva kostar å halda ved like, og som truleg vil føra til kondensproblem, om ein skal tru ein del forskarar og fagfolk. TEK15 tek det heile vidare, og det endå om «kravene ventes å gi netto samfunnsøkonomisk kostnad, noe som betyr at den økte investeringskostnaden ikkje betaler seg tilbake med energibesparelsen alene», som regjeringa skriv i høyringsnotatet. Eit småhus på 200 kvadratmeter vert 146.000 kroner dyrare, seier regjeringa sjølv.

#### BISART

Hovudgrunnen til at det ikkje løner seg å driva med all denne isoleringa, er altså den billege straumen. Men når no Stortinget vil at det skal byggjast ut endå meir kraft, må dei likevel få inn pengar. Det gjer dei gjennom grøne sertifikat, påslag på kraftrekninga, og desse pengane må dei få inn i alle høve. Brukar du mindre straum, aukar dei berre nettleiga. Di tettare hus vi byggjer, di mindre straum du brukar, di meir må du betala i avgifter til dei som vil byggja vindmylner, for elles vil dei ikkje byggja vindmylner. Ein av dei som har engasjert seg sterkest mot byggjinga av vindmylner, er professor i økonomi ved NTNU Anders Skonhøft. Han har i Dagens Næringsliv kalla ordninga med grøne sertifikat for «bisarr».

Han har rekna litt på Fosen-utbyggjinga i Sør-Trøndelag, som visstnok skal vera særskilt lønsam og eitt av dei beste

utbyggjingsprosjekta i Noreg. Fosen-prosjektet er i hovudsak ått av Statskraft og Trønderenergi, som på si side er ått av kommunane i Sør-Trøndelag. Når anlegget er oppe og går, skal det produsera 2 TWh som elles er dobbelt så mykje som den årlege strauminnsparringa av TEK15. Investeringskostnadene er usikre, men vi talar for tida om 9 milliardar. I dag kostar straum 30 øre per kWh. På Fosen må dei 55 øre, mellomlegget må du og eg betala.

«Bedriftsøkonomien ved Fosen-prosjektet er håpløs. Men samfunnsøkonomien er enda mer håpløs, fordi kostnadene ved omfattende miljødeleggelser og tap av biologisk mangfold ikkje er tatt med. Det foreligger ikkje noe samfunnsregnskap», seier Skonhøft.

Utgiftene stoggar ikkje der. Krafta må ut på marknaden. Statsnett har teke på seg å byggja ei ny stor hovudleidning, som truleg skal kosta 10 milliardar. Dei som eig alle desse kraftselskapa, er stort sett dei som røystar ved val: altså innbyggjarane, som bur i kommunar som får stadig mindre kraftutbyte av di råprisen på straum går ned og ned. Då må kommunane innføra eigedomsskatt eller kutta i utgiftene.

Trønderenergi kallar den planlagde Fosen-utbyggjinga for «tidenes største industriutbyggjing i Trøndelag». Vi andre kan kalla det eit ran av felleskassa.

Jon Hustad er journalist  
i Dag og Tid.



Vindmølleparken på Smøla er for tida den største i landet. Men rett nord for Smøla, på Fosen, planlegg trønderane eit endå større og sterkare anlegg. Foto: NTB scanpix